

**Fra:** avd086 Hoyanger <avd086hoyanger@flt.no>  
**Sendt:** 22. juni 2015 09:53  
**Til:** Postmottak KUD  
**Kopi:** Trygve Fjelde  
**Emne:** Høyringsfråsegn om endringar i heilagdagslova for å gje løyve til søndagsopne butikkar

LO-foreininga Forbundet for Leing og Teknikk, avd. 86 Høyanger syner til Kulturdep. sitt høyringsbrev datert 27.3. og vil med dette gje følgjande fråsegn i saka:

*Liberalisering av søndagshandelen vil vere konkurransevirande til fordel for store aktørar som kjøpesentra og kjedebutikkar. Dette er aktørar som kan pålegge butikkane å halde opne sjølv om det er ulønnsamt. Nisje- og nærbutikkar, familiebedrifter og mindre bedrifter vil bli utkonkurrerte. Dette vil føre til økonomisk tap og butikkdød i distrikta.*

*Det er urealistisk å seie at kvar enkelt arbeidstakar har fridom til å bestemme sjølv om ein vil arbeide på søndag. Det er urealistisk å seie at kvar enkelt butikk har fridom til å bestemme om dei vil ha ope på søndagar. Vi må krevje at politikarar i lokale valkampar pliktar seg til å stemme mot opning av butikkane på søndagane. Søndagsopne butikkar er eit angrep på samfunn og miljø. Gjennom å setje i gang heile samfunnsmaskineriet, med transport, straum og alt anna som høyrer med for å fylle endå en vekedag med handel.*

*Det vil føre til auka fokus på rolla som forbrukar, og mindre på frivillig arbeid, idrett, friluftsliv og organisasjonslivet, som er avhengig av ein felles dag der flest moglege har fri samtidig.*

*I kjent stil skyv Venstre og regjeringa ungdom og studentar føre seg når dei vedtek endringar som gjer arbeidslivet hardare. Førestillinga om at søndagsopne butikkar vil bemannast av studentar, vil i realiteten føre til krav om søndagsarbeid også for det store fleirtalet som arbeider her til kvardags. Resultatet vil bli meir ufrivillig deltid - og også dårlegare økonomi for ein butikk som skal lønne tilsette ein dag meir i veka.*

*Om søndag blir gjort om til vanleg arbeidsdag, vil arbeidsgjevaren i neste omgang forsøke å fjerne lønnstillegga for søndagsarbeid. For det overveldande fleirtalet i butikk som har jobben som leveveg, betyr søndagsopne butikkar ufrivillig helgejobbing og eit ytterlegare press om lågare bemanning.*

*Ytterlegare liberalisering av søndagsopne butikkar vil føre til store strukturelle samfunnsordningar. Korleis skal grossistar, vareleverandørar, og ikkje minst barnehagar unngå arbeid på søndagar, når varehandelen - som er Norges nest største sysselsetjar blir søndagsopen? Endringane i arbeidsmiljølova sine søndagsreglar som er foreslått, det gjeld alle arbeidstakarar, ikkje berre varehandeltilsette. Derfor må solidaritet frå alle forbund i LO liggje til grunn for arbeidet med å stoppe ytterlegare liberalisering for søndagsopne butikkar. Vi må bruke den breie alliansane med miljøørsla, frivilligheita, distrikta, kyrkja, og politiske parti inkludert KrF, for alt det er verdt framover.*

For FLT-avd. 86 Høyanger

Einar Rysjedal, leiar